



UKM 03/18 Val

1. Val av tre representantar til Kyrkjemøtet i 2019

Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i kyrkja og blir av somme kalla kyrkjas «Storting». UKM sender fire representantar til å delta på Kyrkjemøtet i Trondheim 27. mars til 2.april 2019. UKM-delegatane møtast dagen før Kyrkjemøtet startar. Ein av desse fire representantane er, i samsvar med statuttar for UKM, leiar av Utval for ungdomsspørsmål, som veljast for seg. Dei tre andre skal veljast i dette valet.

Dei som vart valde:

Kjersti Jåvold Landmark
Henrik Wirak Onsrud
May-Eldri Hanssen

Vara:

Olav Brennsæter

Om Utval for ungdomsspørsmål

Utval for ungdomsspørsmål (Ufung) er eit rådgivande organ for sekretariatet i Kyrkjerådet og spesielt for ungdomsrådgivaren i Kyrkjerådet. Ufung skal arbeide med saker som vedkjem ungdom i Den norske kyrkja nasjonalt og internasjonalt, og har eit spesielt ansvar i planlegginga og gjennomføringa av Ungdommens kyrkjemøte.

Etter vedtak av nye statuttar for Ungdommens kyrkjemøte og Utval for ungdomsspørsmål på Kyrkjerådets møte i september 2018, skal Ufung bestå av leiar, fem ordinære medlemmer og to medlemmer vald på bakgrunn av særleg kompetanse. 2018-2019 blir eit overgangsår, med tre medlemmer vald på bakgrunn av særleg kompetanse i utvalet. På UKM i 2019 vil dei to som i dag sit i utvalet på slik bakgrunn bli erstatta av ein. Slik oppnår ein at Ufung etter UKM 2019 har riktig besetning, med riktige representantar på val annakvart år.

I løpet av året har Ufung 4–5 møtedagar, og møta blir normalt haldne på kvardagar i Kirkens hus i Oslo. I tillegg til dette har Ufung kvart år ei sentral rolle under UKM, som varer 4–5 dagar. Ein må vere budd på å setje av om lag 10 dagar årleg til dette pluss litt tid til førebuing. Reisekostnader vil sjølvsagt bli dekte.



2. Val av leiar for Utval for ungdomsspørsmål

Ungdommens kyrkjemøte vel ved særskilt avstemming leiar av Utval for ungdomsspørsmål blant delegatane på Ungdommens kyrkjemøte, for en periode på to år. Den som blir vald som leiar av utvalet, møter som representant med tale- og forslagsrett i Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet. Utval for ungdomsspørsmål nemner sjølv opp ein vararepresentant frå utvalet som møter i Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet om leiaren har forfall.

Den som vart vald:

Silje Håve Smørvik

3. Val av ordinære medlemmer til Utval for ungdomsspørsmål

Ungdommens kyrkjemøte vel ytterligere fem ordinære medlemmer til Utval for ungdomsspørsmål blant delegatane i Ungdommens kyrkemøte. Medlemmene av Utval for ungdomsspørsmål blir vald for to år, slik at halve utvalet er på val kvart år. I år skal det veljast to ordinære medlemmer.

Dei som vart valde:

Einar Østerhagen
Therese Egebakken

Vara (til vervet, ikkje enkeltmøte):

Thomas Granheim Iversen

4. Val av medlem på bakgrunn av særleg kompetanse til Utval for ungdomsspørsmål

Ungdommens kyrkjemøte vel ytterligere to medlemmer på bakgrunn av særleg kompetanse til Utval for ungdomsspørsmål. Desse medlemmene treng ikkje være blant delegatane til Ungdommens kyrkjemøte. Medlemmene av Utval for ungdomsspørsmål blir vald for to år, slik at halve utvalet er på val kvart år. I år skal det veljast eit medlem på bakgrunn av særleg kompetanse.

Den som vart vald:

Kirsten M. Aase Finch

Om valkomiteen

Valkomiteen til Ungdommens Kyrkjemøte 2019 har ansvar for å skaffe kandidatar til vala som skal skje der. Til somme val skal dei også levere ei innstilling, altså ei liste med prioriterte kandidatar i rekkefølge. Dei som skal sitje i valkomiteen kan ikkje stille til val på neste års Ungdommens kyrkjemøte, korkje som kandidat til leiar av Utval for ungdomsspørsmål, medlem av same utval eller representant til Kyrkjemøtet 2020. Det er høve til å ta attval til valkomiteen.



DEN NORSKE KIRKE
Ungdommens kirkemøte 2018



5. Val av valkomité til Ungdommens kyrkjemøte 2019

Valkomiteen til Ungdommens kyrkjemøte 2019 består av tre personar. Ein blir oppnemnd av Utval for ungdomsspørsmål, blant medlemmene i utvalet. Ungdommens kyrkjemøte vel ytterligare to medlemmer til valkomiteen.

De som vart valde:

Alex Ramstad Døsvik

Karen Helene Bøhn Melhus